

# NORMISJON REGION SOGN OG FJORDANE

## TILBAKEMELDING FRÅ ARBEIDSGRUPPA

### 1. Bakgrunn.

Den økonomiske situasjonen i regionen er svært utfordrande, og på regionsårsmøtet på Skei 22. april 2023 vart dei frammøtte orienterte om det. På regionen sitt rådsmøte på Misjonsheimen 29.-30. september var økonomiutviklinga eit sentralt tema. På grunn av den kritiske situasjonen som regionen stod i, vart regionsstyret bedd om å velje ei arbeidsgruppe (økonomiråd) til å sjå på økonomiutviklinga og vurdere aktuelle tiltak. Styret oppnemnde arbeidsgruppe og tildelte mandat til gruppa.

Arbeidsgruppa utarbeidde ein fyldig rapport som vart overlevert til regionsstyret i midten av desember. Den 30. januar var regionstyret og arbeidsgruppa samla til evaluering og samtale om rapporten. Mange er opptekne av korleis det går i regionen og utsiktene framover. Difor oppsummerar vi i denne tilbakemeldinga, det mest sentrale i rapporten omkring økonomiutviklinga, og ber regionstyret formidle det til laga rundt om i regionen.

2. **Arbeidsgruppa (økonomirådet).** Jørn Ilje, Haugen, Bjarte Urnes, Førde og Einar Åbrekk, Olden som alle har relevant erfaring og kompetanse.

3. **Mandat.** Regionsstyret tildelte først følgjande mandat: Økonomirådet skal lage ein analyse av regionøkonomien og fremje framlegg til aktuelle tiltak som blir presentert for regionstyret. Seinare vart mandatet utvida til også å omfatte tilråding om korleis Normisjon SFJ kan bygge ein bærekraftig modell for organisasjon og økonomi, men dette temaet har gruppa ikkje teke stilling til, og er heller ikkje med i denne tilbakemeldinga.

4. **Tilgjengeleg bakgrunnsinformasjon og arbeidsmåte.** Vekstra Fjord Rekneskap AS har gitt arbeidsgruppa direkte tilgang til regionen sitt rekneskap slik at det har vore mogeleg å sjekke ut bilag, konti, detaljar, etc. Det har vore dialog med rekneskapsførar, regionleiar, styreleiar m/fleire. Jørn har hatt møte med innsamlingsleiar i Normisjon sentralt. Gruppa har hatt møte på teams og elles kommunisert på e-post og telefon. Det arbeidet som gruppa har utført, har ikkje utløyst kostnader for regionen.

5. **Budsjett.** Det er utarbeidd eit budsjett for 2024 som går i balanse. Der er det lagt inn 5 % auke i gåveinntektene samanlikna med gjennomsnittleg inntekter for åra 2021-2023, og dei estimerte innsparingane knytt til tiltaka nedanfor. Budsjettet signaliserer også ei satsing på barn og unge bl.a. ved tilsetjing av Acta medarbeidar. Totalt er det lagt inn 1,3 årsverk (regionsekretær 80%, Acta medarbeidar 50%) i tillegg til Vegard, Fjordly og Holmely.

6. **Forslag til tiltak.** Arbeidsgruppa (økonomirådet) foreslår overfor regionstyret at følgjande tiltak blir vurdert / gjennomført;

### **TILTAK A**

#### **Synleg.**

Normisjon må bli meir synleg rundt om i foreiningane og på bedehusa i heile regionen. Ved å vere til stades med forkynning og informasjon, vert fellesskapet styrka, og foreiningane vil få meir eigarskap til regionsarbeidet. Gjennom besøk og formidling blir det skapt motivasjon, engasjement og team-kjensle, som er eit godt utgangspunkt for auka gjevarteneste. Frivillige fritidsforkynnarar er ein viktig ressurs i dette arbeidet, og ein kostnadseffektiv måte å nå ut med evangeliet rundt om i regionen.

**Merknad: Denne ressursen er no (pr. i dag) operativ og bør nyttast.**

## TILTAK B

### Inntekter.

Gåveinntekter utgjør inntektsgrunnlaget i arbeidet, og misjonsfolket må vere trygge på at det som blir gitt, resulterer i mest mogeleg misjonsarbeid, og at det ikkje går vekk i administrasjon. I dag blir den faste gjevartenesta kanalisert via Profundo. Vi har ikkje hatt tilgang til Profundo, men Normisjon har orientert om korleis midlane blir fordelt. Basert på den informasjonen vi har fått, må vi tru at pengane blir kanalisert dit dei er tenkt.

Det burde vere mogeleg å auke gåveinntektene utover dagens nivå. Ein viktig føresetnad for det er at regionen blir meir synleg og delaktig rundt om på bedehusa, og at pengane blir forvalta på ein nøktern og målretta måte.

## TILTAK C

### Kostnader knytt til leige av lokale.

I tillegg til regionskontoret på Sandane, blir det leigt kontor på Sunnfjord folkehøgskule. Det er ikkje økonomi til å leie kontor på to stader. Ev. heimekontor bør vurderast. Det er i budsjettet for 2024 lagt opp til at kontoret på Sunnfjord folkehøgskule blir sagt opp.

**Budsjettert innsparing 25'.**

**Merknad: Leigeavtale med SFH er no sagt opp (iflg regionstyret)**

## TILTAK D

### Reinhald.

Det er ikkje økonomi til å bruke reingjeringsbyrå til å holde reint på kontoret. Dette bør ordnast på anna måte. Avtala bør seiast opp.

**Budsjettert innsparing ca 45'.**

**Merknad: Avtala er no sagt opp (iflg. regionstyret)**

## TILTAK E

### Reise, representasjon, møter, reklame, etc.

Denne kostnadsgruppa fangar opp utgifter knytt til reise, marknadsføring, møteaktivitet, etc. i tillegg til andre spesielle og / eller øyremerkte kostnader, (eks. Kjølsdalen bedehus som ikkje er aktuelt i 2024). Totalt for denne kostnadsgruppa burde det ligge eit betydeleg innsparingspotensiale gjennom nøktern vurdering og god planlegging.

**Budsjettert innsparing ca 140'.**

## TILTAK F

### Leirkostnader.

Barn og unge bør vere eit satsingsområde. Her står leiraktiviteten sentralt. Bokførte leirinntekter (konto 3650) og leirkostnader (konto 7720) viser på gjennomgangstidspunktet, at aktiviteten går i pluss. Om desse to postane fangar opp alt omkring leirrekneskapen, har vi ikkje sjekka. Den dyrtid vi lever i no, er utfordrande for mange familiar. Og då kan det lett føre til at utgifter til å sende born og unge på leir, ikkje blir prioritert. Det er i budsjettet foreslått å få etablert ei subsidieringsordning som kan bidra til at fleire blir med på leir.

**Budsjettert kostnad 20'.**

## TILTAK G

### Gebyr og finanskostnader.

Det må vere eit mål at likviditeten er så god at ein slepp å nytte driftskreditten. Kredittgjeld er dyr finansiering. Her må det inn frisk kapital. **Budsjettert innsparing ca. 40'.**

**Merknad: Regionen har no mottatt ei stor pengegåve slik at ein kan bli kvitt kredittgjelda (iflg. regionstyret)**

**INNSPARINGAR - EFFEKT AV BUDSJETTERTE TILTAK 2024 (eks. lønnskostnader)**

Tiltak C Kostnader knytt til leige av lokale	kr. 25'
Tiltak D Reinhald	" 45'
Tiltak E Reise, representasjon, møter, reklame, etc.	" 140'
Tiltak F Leirkostnader	" 20' -
<u>Tiltak G Gebyr og finanskostnader</u>	<u>" 40</u>
<b><u>Sum innsparinger eks. lønn</u></b>	<b><u>Kr.230'</u></b>

**7. Avslutning.**

Arbeidsgruppa har etter beste evne prøvd å avklare dei faktiske forholda omkring økonomi og ressursbruk i Normisjon region Sogn og Fjordane, og med bakgrunn i det kome fram til kostnadsområde og enkeltpostar som det bør gjerast noko med. På evalueringsmøtet 30. januar vart det informert om at tiltak alt er gjennomført, jf. merknader ovanfor, og det meiner arbeidsgruppa er bra.

Dersom regionen kan legge fram eit årsrekneskap som er i balanse, og som samstundes viser tydeleg effekt i misjonerande aktivitet, trur gruppa at det vil vere eit tillitsskapande bidrag. Her trengs det god dialog mellom misjonsfolket, tilsette og rekneskapslaget. Lukkast ein med dette, vil misjonsfolket sjå at gåvene deira er direkte avgjerande for at det er mogeleg å drive misjonsarbeid i regionen. Og når gjevarane er trygge på at pengane ikkje hamnar i eit botnlaust kostnadssluk, trur gruppa at gjevarlysta og gjevargleda vil ta seg opp.

Så må regionstyret til ei kvar tid vurdere korleis ein på beste måte kan oppdatert misjonsfolket. Nøktern, open og faktabasert informasjon kombinert med konkrete målretta tiltak, er generelt god medisin i arbeidet med å bygge tillit.

Haugen, Førde, Olden 31.01.2024

Jørn Naustdal Ilje  
- sign. -

Bjarte Urnes  
- sign. -

Einar Åbrekk  
- sign. -